

## Vedlegg: Innspel

	Innspel	Vurdering
	<b>Utdanningsforbundet ved Sagstad skule</b>	
1	<p>Fleirtalet i klubben på Sagstad skule ynskjer ikkje å ha påske og vinterferie i saman i 2016. Vi syntast det blir alt for lenge å gå utan avbrekk, fram til påskeferien startar. Vi ynskjer å leggje vinterferien til veke 8. Elevane treng ein ferie i laupet av denne perioden.</p>	<p>Da påska kjem veldig tidleg, er fire av fem vinterferiedagar flytta til veka etter påske i 2016. Dette vert gjort for å unngå oppstyking av gode læringsperiodar. Det er lagt inn ein fri dag i denne perioden fredag 5.februar 2016.</p> <p>Skule- og barnehageruta er i hovudsak lik med vedteken skulerute for Bergen kommune, vidaregåande skular i Hordaland (Fylkeskommunen) med unntak av 14.sept./04.mai. Av omsyn til born, unge og foreldre/føresette er det ei målsetting å få mest mogleg lik skulerute i Nordhordland, Bergen kommune og fylket. Vidare er det eit mål å få ei betre samordning av barnehageår, SFO- og skuleår.</p>
	<b>Samarbeidsutvalet ved Meland ungdomsskule</b>	
2	<p>SU-leiar Per Arne Traa leia møtet, og det vart samrøystes vedteke å senda særutskrift frå <u>Sak 04/15 Skuleruta 2015 – 2016</u>:</p> <p>« Framlegget til skuleruta 2015-2016 har vore drøfta i FAU, mellom elevar og mellom tilsette ved Meland ungdomsskule. På bakgrunn av desse drøftingane vil SU koma med følgjande uttale:</p> <p><i>«SU ved Meland ungdomsskule ønskjer at vinterferien 2016 skal vera i veke 8 og ikkje leggjast til påskeferien. Ein ser det som viktig at elevane får eit «pustehol» mellom jul og påske, og meiner det ikkje er bra reint fagleg å ha 2 veker ferie like før evt prøve-eksamenstid.</i></p> <p><i>Det vert også peika på at med den mangel på snø som er i vårt område, er det bra at elevane våre kan nytta lokale skianlegg til dagsturar i vinterferien, anten det er veke 8 eller veke 9.»</i></p>	<p>Sjå vurdering under punkt 1</p> <p>Prøve- og eksamenstid: Rektor må vurdere om skuleruta vil krevje endringar i organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av undervisninga.</p>
	<b>Samarbeidsutvalet ved Vestbygd skule</b>	
3	<p>Resultat av behandling av Skuleruta 2015/2016 i samarbeidsutvalet ved Vestbygd skule 22.01.15</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• 4 representantar (2 foreldre, 1 andre tilsette og rektor) støtta forslaget.</li> <li>• 4 representantar (2 lærarar, 2 elevar ) ville heller ha vinterferien i veke 8.</li> </ul>	<p>Sjå vurdering under punkt 1.</p>